


**STØRRE BYGG** (PBL § 20-1)

Søknad om oppføring av bygning må sendast inn av føretak som kan godkjennast som ansvarleg søkjar.

Søknad skal sendast til:

**Hornindal kommune**  
**Postboks 24**  
**6761 Hornindal**

**ByggSøk**

Det vert rådd til å bruke nettbasert søknad gjennom ByggSøk-bygning ([www.byggsok.no](http://www.byggsok.no)). Systemet er gratis, og du får rettleiing om utfyllinga under vegg. Ved å bruke ByggSøk får du samtidig ein betre kvalitetskontroll av søknaden. Kommunen har redusert gebyr (10%) for søknader som er sendt inn via ByggSøk.

**Det kan velges ulike søknadsformer:**

**Eitt-trinns søknad:** **Komplett** søknad skal sendast inn. Naboar skal vere varslet, evt. merknader frå naboar skal kommenterast og leggjast ved søknaden. Alle ansvarlege føretak (prosjekterande, utførande og kontrollerande) må vere valt. Det må liggje føre godkjenning frå alle andre mynde før løyve kan gjevast. Detaljprosjekteringa må vere utført og kontrollert.

**To-trinns søknad:** Først skal det søkjast om **rammeløyve**. Bygget si arkitektoniske form og overordna tekniske rammevilkår må visast/dokumenterast. Dersom løyve er avhengig av samtykkje frå nabo og/eller vegmynde, må dette vere avklart og dokumentert. Naboar skal vere varsla. Evt. merknader frå naboar skal kommenterast og leggjast ved søknaden.

Det skal søkjast om **igongsetjingsløyve** når bygget er prosjektert og utførande er valt. Det kan gjevast trinnvise igongsetjingsløyve når delprosjekteringa er ferdig.

Søkjar eller tiltakshavar kan skriftleg be om at det vert halde førehandskonferanse.

**Komplett søknad i 1 eksemplar etter PBL § 20-1 skal innehalde:**

Søknadsblankett inkl. ansvarsrett for søkjar	NBR nr. 5174* og evt. 5151*, 5159* og 5160*
Opplysingar om tiltaket sine indre og ytre rammer	NBR nr. 5175*
Gjenpart nabovarsel. Naboar og gjenboarar skal varslast. Dersom det vert søkt om dispensasjon, skal det varslast særskilt om dette. Søknaden kan ikkje sendast inn før fristen for nabomerknader har gått ut.	NBR nr. 5155
Evt. merknader frå naboar, med klargjering om korleis desse evt. er innarbeidd i prosjektet.	
Situasjonsplan/utomhusplan. Kart må vere av nyare dato. Bruk gjerne öNordfjordkartö på kommunen si heimeside	
Teikningar, planar, snitt, fasadar i målestokk, f. eks. M 1: 100, og dokumentasjon av estetisk tilpassing	
Gjennomføringsplan med oversikt over ansvarsområde inndelt i godkjenningsområde og etter tiltaksklassar, kontrollområde, ansvarlege føretak og gjennomføring av oppgåvene.	NBR nr. 5185*
Søknad om ansvarsrett for prosjekterande, utførande og evt. kontrollerande	NBR nr. 5181* og evt. 5159* og 5160*
Uttale eller avgjerde frå andre mynde (Arbeidstilsynet, vegmynde etc.)	
Evt. dispensasjonssøknad*	

\* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

Sjå baksida ⇒

**STØRRE BYGG** (PBL § 20-1)

- F = = Eittrinns søknad skal innehalde:  
 F = Søknad om rammeløyve skal innehalde:  
 F = Søknad om igongsetjingsløyve skal innehalde:

	<b>Søknadsskjema NBR 5174</b> utfylt nøyaktig og underskrive av både tiltakshavar og søkjar.
	<b>Søknadsskjema NBR 5175</b> Det må visast korleis tiltaket oppfyller reglar om arealdisponering, bruk, grunntilhøve, rasfare og miljøtilhøve, tilknytning til offentleg veg- og leidningsnett.
	<b>Søknadsskjema NBR 5151</b> utfylt nøyaktig og underskrive av både tiltakshavar og søkjar.
	<b>Gjenpart av nabovarsel.</b> Naboar og gjenboarar skal varslast. Dersom det vert søkt om dispensasjon, skal det varslast særskilt om dette. Det må også gå fram av nabovarselet at evt. merknader frå naboar eller gjenboarar skal sendast ansvarleg søkjar ( gjerne med kopi til kommunen) innan to vekar etter at nabovarselet er sendt. Nærare om innhaldet i nabovarselet går fram av SAK10 § 5-2. Evt. nabomerknader skal leggjast ved søknaden, og det må gjerast greie for korleis det evt. er teke omsyn til desse.
	<b>Situasjonsplan/utomhusplan</b> i målestokk 1:500 med innteikna bygningar i målestokk. Kartgrunnlag kan bestillast hos kommunen, eller ved å nytte «Nordfjordkart» på kommunen si heimeside. Det må visast tilknytning til offentleg vatn- og avløpsnett, og korleis krav til universell utforming, tilkomst, parkering, varetransport, samt tilgjenge for brannvesenet sitt redningsmateriell. I tillegg skal det visast korleis opparbeiding av terreng for heile eigedomen med eventuelle skjeringar, fyllingar og forstøttingar skal løysast. NB! Evt. reguleringsplan kan stille spesielle krav til situasjonsplan/utomhusplan.
	<b>Teikningar</b> skal vere i målestokk 1:100 (1:200) og fagmessig utført. Bygget si høgde (topp grunnmur) og forhold til eksisterande og framtidig terreng skal visast. Universell og arkitektonisk utforming, forhold til nabobygningar og landskap skal i naudsynt grad visast på plan, snitt, fasadar, perspektivteikningar, fotomontasje eller fasadeoppriss med nabobygningar og opparbeidd terreng (terrenglinjer). NB! Evt. reguleringsplan kan stille spesielle krav til teikningar.
	<b>Gjennomføringsplan</b> som innehalde oversikt over ansvarsområde inndelt i godkjenningsområde og etter tiltaksklassar, kontrollområde, ansvarlege føretak og gjennomføring av oppgåvene, jf. SAK10 § 5-3.
	<b>Dokumentasjon (utgreiing/ teikningar av tiltaket) som tek i vare krav i rammeløyvet.</b> Eventuell supplerande dokumentasjon i samsvar med krav i rammeløyvet.
	<b>Søknad om ansvarsrett</b> for prosjekterande føretak i den grad det ikkje er dokumentert ved rammesøknad, samt utførande (UTF). For tiltak med krav om <b>uavhengig kontroll</b> må føretaket som utfører kontrollen ha <u>sentral godkjenning</u> , og vere uavhengig av føretaket som utfører arbeidet som skal kontrollerast. Relevant dokumentasjon skal leggjast ved.
	<b>Evt. uttale og avgjerd frå andre mynde.</b> Sivilforsvaret, Arbeidstilsynet etc.
	<b>Evt. søknad om dispensasjon.</b> Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre reglar, vert det kravd det grunngeven søknad i samsvar med plan- og bygningslova § 19-1. Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrense er ikkje naudsynt dersom det ligg føre skriftleg samtykkje/ erklæring frå aktuell nabo.

Dersom noko av den dokumentasjon som går fram av SAK10 § 5-4 vert utelate må dette kommenterast/ gå fram av søknaden.

### Når kan arbeidet setjast i gong?

Arbeidet kan setjast i gong 3 vekar etter at kommunen har motteke komplett søknad, og dersom følgjande vilkår er oppfylt (jf. PBL § 21-7):

- Alt arbeid er i samsvar med reglane gjeve i eller i medhald av PBL (ingen dispensasjon).
- Det ligg ikkje føre merknader frå naboar eller gjenboarar.
- Det er ikkje naudsynt med ytterlegare løyve, samtykkje eller uttale frå anna mynde.
- Kommunen har ikkje gjeve melding om forlenga sakshandsamingstid, jf. SAK10 § 7-3.

Berre dersom vilkåra over er oppfylt kan arbeidet setjast i gong. Dersom nokon av vilkåra ikkje er oppfylt kan arbeidet ikkje setjast i gong før det ligg føre skriftleg løyve frå kommunen. Det vert rådd til å kontakte kommunen før oppstart.

**Bygget kan ikkje takast i bruk før det er gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest.**

